

## Innstilling til Fritt Ord-prisen for 2014

Nemnda har vore samansett av Astrid Wale, Kerstin Bornholdt og Anders Timberlid. Denne gongen kom det inn i alt 10 søknader, noko som er over det doble av det som vanlegvis kjem inn av søknader. Komiteen har såleis hatt eit stort arbeid med å lesa oppgåver, oppgåver som alle hadde ein kvalitet at dei kunne nå opp til ein pris. Likevel har vi vorte enige om ein verdig kandidat.

Oppgåva har tittelen *"De siste lensekræbbene. Tømmerfløting ved Glennetangen lense i Nedre Glomma 1938-1985"*. Tema for avhandlinga er arbeidsliv og sosialt miljø på lensa der hovudkjelda var intervju med 20 tidlegare lensearbeidarar. Med dette arbeidet ville kandidaten for det første skapa eit sosial og kulturhistorisk bilet av ein arbeidsplass som ikkje enkelt let seg plassera inn i eit stereotypisk bilde av industri eller primærnæring. Glennetangen lense var ein mangfaldig og særeigen arbeidsplass, ein slags hybrid mellom to næringar. Kva dette har betydd for arbeidsliv og sosialt miljø på lensa vart grunnlaget for undersøkinga, på same måten som korleis arbeidet på lensa var vevd saman med lokalmiljøa rundt arbeidsplassen.

Ved å studera livet på arbeidsplassen frå 1938 og framover var det mogeleg å snakka med menn som var ein del av stordomstida for tømmerfløytinga, samtidig som dei vart vitne til avviklinga av denne næringa. Å kasta lys over denne forfallshistoria, og korleis dette har hatt betydning for minna til arbeidarane var eit tredje mål i masteroppgåva.

Intervjua som er brukte i prosjekt er alle forma og prega av historiske prosessar som informantane har vore ein del av, og som framleis pågår. I Sarpsborg var det skogen og naturressursane som skapte byen, og vassvegen var avgjerande for leveransane av tømmer til byen. Glennetangen lense var siste stopp før tømmeret nådde Borregaard, og var difor heilt på dørstokken til industrien. Men slik sett var dette verken primærnærings- eller industriarbeid, det var noko heilt for seg sjølv. Det å arbeida på ein slik stad kan ha gitt næring både til ei kjensle av stoltheit knytt til arbeidet, men også forestillingar om ei næring med ekstra sterkt nasjonal betydning.

Kandidaten skriv godt, og har godt blikk for kva som fungerer stilistisk, strukturelt og språkleg; ho har ein særeigen sans for det feltet ho her skreiv om, arbeid og dagleliv. I Trondheim var ho den første masterstudenten på svært mange år som har levert ein verkelig god, solid og nytenkande historisk analyse av livet på en bestemt arbeidsplass. Her følgjer ho

med bruken av muntlege minne godt opp tradisjonen etter m.a. Bull og Slettan. Samtidig viser ho god teft for å eksperimentera med nye analysemåtar for å få minna til å kasta nytt lys over både sosiale og kulturelle sider ved folks arbeid og dagligliv.

I etterkant av eksamen har ho vore svært aktiv med å formidla historia om lensearbeidarane, med ei rekke foredrag og fleire avisoppslag. Vedkomande søker no stipend for å kunne bruka tid på å skriva artiklar for tidsskrift som Arbeiderhistorie, Heimen og Dugnad. Det er vidare ekstra positivt at ho signaliserer ein ambisjon om å omarbeida masteroppgåva til bok.

Konklusjon:

Innsamlinga og bruken av muntlege kjelder er forbilledleg; det er ei kartlegging av arbeidsprosessar og arbeidsliv, og ei drøfting og refleksjon rundt innsamlings- og tolkingsarbeidet. Ikkje minst er det ei innsiktsfull drøfting av mytologisering og romantiseringa av eit arbeid og ei arbeidsform som har forsvunne. Og ho forheld seg aktiv og sjølvstendig til forskingslitteraturen. Oppgåva er svært sterkt både empirisk og teoretisk, og gjennom måten ho skriv på, har ho levert ein godt motivert søknad med ein god plan for publisering.

**Fritt Ord-prisen for 2014 er tildelt Sigrid Helene Agnalt.**